



# TYSNES KOMMUNE

## KOMMUNEPLAN

### SAMFUNNSDEL

2018-2030



## Innleiing

Dei siste åra har vore gode for Tysnes. Me har vore inne i ei god trend, med auke i folketal og i fødselstal. Me er pressa på plassar, både i skule og i barnehagar, og me ser det er naudsynt med utbetringar og utvidingar fleire plassar i kommunen. I åra som kjem er det viktig for kommunen å oppretthalde, og helst auke, folketalet. På den måten sikrar me at me får auka inntekter, for å tilby betre tenester til innbyggjarane.

Det er ei spanande tid for Tysnes kommune. Kommune-Noreg går gjennom ei tid med store strukturendringar, som i større og mindre grad også vil påverka oss. Hordaland fylkeskommune slår seg i lag med Sogn og Fjordane, og me skal etter 2020 tilhøyra eit nytt og større fylke, med fleire og tyngre oppgåver. I tillegg slår fleire av kommunane rundt Bergen seg i lag, og det vil bli færre og større kommunar rundt Bergen. I tillegg til endringar i kommunekartet, er det også planar om store endringar i infrastrukturen til og frå Tysnes. Med E39 Hordfast realisert vil Tysnes få gode kommunikasjonar mot nord, og mot sør, og dette vil i større grad gjera Tysnes sentral i eit felles bu- og arbeidsmarked mellom Sunnhordland og Bergen. I ei tid med store endringar rundt oss, er det viktig å ha eit overordna styringsdokument, som skal peike ut retninga Tysnes skal gå i.

Kommuneplanen er kommunen sitt viktigaste styringsdokument. Det er eit overordna dokument, som skal sette seg mål om kva me skal jobba med, og mot, dei neste 12 åra. Det har vore viktig at planen vart utarbeida med best mogelig innverknad med innbyggjarane i kommunen. Dette for å legge til rette for at innbyggjarane i Tysnes skal ha mogeligheita til å påverka planen, og for å lettare identifisera utfordringar me har i dag, og kva me kan gjera for å bli betre. Deltakinga har vore bra, og etter den endelige politiske behandlinga, skal dette vera ein plan me skal kunna jobba målretta etter dei neste åra.

For at planen skal vera nyttig, er det viktig at kommunen bruker planen aktivt, både i det politiske arbeidet og i administrasjonen. For å på best mogelig måte klara å nyttiggjera oss av planen, er det viktig at me klarer å halda ambisjonen med å utarbeida ein handlingsdel. Denne skal rullerast kvart år. På den måten kan me konkretisera kommuneplanen, og bevisst bruka det som eit verktøy til å utvikla Tysnes i den retninga me vil. Det er viktig at me i planen legg opp til vekst. Både vekst i næringslivet, vekst i bustadfelt, og vekst i folketalet. Det er viktig at kommunen fokuserer på å tilby gode tenester til innbyggjarane våre, slik at alle i Tysnes skal ha eit godt liv, uansett alder og utfordringar. I tillegg er det viktig at me framleis har eit sunt forhold til økonomi, og at me sørgjer for gode, stabile og føreseielege økonomiske rammer for kommunen. Klarer me alt dette, vil Tysnes også i framtida, vera ein god og attraktiv plass å bu og arbeida.

Kåre Martin Kleppe  
Ordførar

## Innhald

Foto framside: Carl.O.Olsen

1.1 Tysnes kommune fram mot 2030 .....	3
1.2 Bakgrunn for planarbeidet .....	3
1.3 Føremål med planarbeidet .....	3
1.4 Føresetnader for planarbeidet .....	4
1.5 Medverknad .....	6
2. Mål-utviklingstrekk -strategiar .....	6
2.1 Overordna mål .....	6
2.2 Delområde helse / pleie og omsorg .....	7
2.2.1 Utviklingstrekk .....	7
2.2.2 Status i Tysnes kommune .....	8
2.2.3 Strategiar helse / pleie og omsorg .....	9
2.3 Delområde oppvekst .....	9
2.3.1 Utviklingstrekk .....	9
2.3.2 Status i Tysnes kommune .....	10
2.3.3 Strategiar oppvekst .....	11
2.4 Delområde Bustad .....	12
2.4.1 Utviklingstrekk .....	12
2.4.2 Status i Tysnes kommune .....	13
2.4.3 Strategiar .....	13
2.5 Delområde Næring .....	15
2.5.1 Utviklingstrekk .....	15
2.5.2 Status i Tysnes kommune .....	15
2.5.3 Strategiar .....	16
2.6 Delområde Fritid .....	17
2.6.1 Utviklingstrekk .....	17
2.6.2 Status i Tysnes kommune .....	17
2.6.3 Strategiar .....	19
2.7 Delområde infrastruktur .....	20
2.7.1 Utviklingstrekk .....	20
2.7.2 Status i Tysnes kommune .....	20
2.7.3 Strategiar .....	22

### ***1.1 Tysnes kommune fram mot 2030***

Samfunnsdelen til kommuneplanen peikar ut kursen for Tysnes-samfunnet i eit 12 års perspektiv.

Samfunnsdelen er det viktigaste styringsdokumentet for Tysnes kommune.

### ***1.2 Bakgrunn for planarbeidet***

Samfunnsdelen av kommuneplan er kommunen sitt viktigaste overordna måldokument.

Gjeldande plan er *Kommuneplan – langsiktig del 2003-2015*. Den inneheld òg budsjett og økonomiplan 2003-2006. Korkje plan eller handlingsprogram er rullert sidan 2003. Samfunnsdelen vart ikkje rullert før siste rullering av kommuneplanen sin arealdelen i 2010.

Tysnes kommune har i kommunal planstrategi vedteke at kommuneplanen sin samfunnsdel skal rullerast.

Planprogrammet har vore på høyring og offentlig ettersyn og er godkjent av kommunestyret og lagt til grunn i det vidare planarbeidet. Overordna nasjonale og regionale føringar for arbeidet er nærare skildra i planprogrammet.

### ***1.3 Føremål med planarbeidet***

Hovudføremålet med planarbeidet er å utarbeide ein revidert samfunnsdel til kommuneplan for perioden 2018-2030, som gjev dei overordna strategiar og mål for den langsiktige samfunnsutviklinga av Tysnes kommune.

Vidare har rulleringa av kommuneplanen sin samfunnsdel til hensikt å

- Forankre planarbeidet godt i kommunen, både politisk og administrativt.
- Involvere politikarar og innbyggjarar i ein tidleg fase.
- Skape ein arena for overordna diskusjonar om utviklinga av kommunen, og leggje til rette for aktiv medverknad frå innbyggjarar, næringsliv og organisasjonar.
- Styrkje kommunen i arbeid og førebuing for nye moment som følgjer i samband med fastlandstilknytting av E-39 og framtidig kommunestruktur.
- Klargjere kor me er og kor me vil, gjennom å vidareutvikle samfunnsplanen som eit retningsgjevande og tydelig styringsdokument med klare føringar for oppfølgjande planer og tiltak.
- Utvikle og klargjere samanhengen frå plandokument til kommuneplanen sin handlingsdel og gje kommunen eit betre grunnlag for framtidig arbeid med kommuneplanen sin arealdel.

### ***1.4 Føresetnader for planarbeidet***

I planarbeidet er det gjort nokre grunnleggjande lokale føresetnader som ligg til grunn i det vidare dokumentet:

Tid

Planen gjeld for 12 år, med rullering kvar 4. år.

Det skal utarbeidast eit 4 årig handlingsprogram med årleg rullering.

Handlingsprogrammet vert lagt fram som eiga sak.

## Rom

Tysnes kommune sitt territorium er som i dag.

Me legg til grunn at Tysnes kommune framleis består som politisk/administrativ eining ved avslutning av planperioden.

## Økonomi

Vidareføring av dagens økonomiske situasjon.

Endringar av kostnader og inntekter føl demografiske endringar, utgifter og inntekter følgjer utviklinga.

## E39 – Hordfast

Hordfast vert starta opp i 2022.

Me reknar med at den vil ha effekt frå 2025 med oppstart av bygging og anleggsperiode.

Kommunen er brufast mot Stord og Os frå og med år 2030. Viktigaste kommunikasjonar i perioden er framleis ferjer.

## Folketalsutvikling

Me legg til grunn at Tysnes i planperioden føl minimum nasjonal vekst.

I samband med oppstart av anleggsperiode E39 frå 2025 er det lagt opp ein ekstra vekstpuls som stig jamt frå 2025.

Det er føresett ein vidare auke frå 2030, utviklinga me legg opp må stilla oss i posisjon for dette.

År	Vekst	Auke	Innbyggjarar
2019	0,90 %	26	2880
2020	0,90 %	26	2906
2021	0,90 %	26	2932
2022	0,90 %	26	2958
2023	0,80 %	24	2982
2024	0,90 %	27	3009
2024	0,90 %	27	3036
2025	1,00 %	30	3066
2026	1,00 %	31	3097
2027	1,50 %	46	3143
2028	1,50 %	47	3190
2029	1,70 %	54	3245
2030	1,70 %	55	3300
2031	1,80 %	59	3359
2032	1,80 %	60	3420

*Innanfor ramma av § 1-1 skal planer etter denne lov (pbl. § 3-1):*

- *Sette mål for den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga i kommunar og regionar, klargjere samfunnsmessige behov og oppgåver, og angje korleis oppgåvene kan løysas.*
- *Sikre jordressursane, kvalitetane i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturmiljø.*
- *Sikre naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsutøying og samfunnsliv.*
- *Legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling*
- *Legge til rette for god forming av bygde omgjevnader, gode bumiljø og gode oppvekst- og levekår i alle delar av landet.*
- *Fremme befolkningas helse og motverke sosiale helseforskjellar, samt bidra til å førebygga kriminalitet.*
- *Ta klimaomsyn gjennom løysningar for energiforsyning og transport.*
- *Fremme samfunnssikkerhet ved å førebyggje risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdiar mv.*

*Planlegginga skal fremme heilhet ved at sektorar, oppgåver og interesser i et område ses i samanheng gjennom samordning og samarbeid om oppgåveløysing mellom sektormyndigheter og mellom statlige, regionale og kommunale organa, private organisasjonar og institusjonar, og ålmenta..*

*Planlegginga skal bygge på økonomiske og andre ressursmessige forutsetningar*

*for gjennomføring og ikkje være meir omfattande enn nødvendig.*

*Planer skal bidra til å gjennomføre internasjonale konvensjonar og avtaler innanfor lovas verkeområde. Vedteke planer skal være eit felles grunnlag for kommunal, regional, statleg og privat verksemd i planområdet.*

*Planen skal ha ein handlingsdel denne heng saman med og vert revidert årleg i samband med økonomiplan.*

### **1.5 Medverknad**

Det er gjennomført ein brei prosess for medverknad både gjennom direkte innbyggjarmedverknad, politisk aktivitet og administrativt/fagleg arbeid i kommunen sin eigen organisasjon. Bladet Tysnes har også hatt ei god oppfølging av prosessen og vore ein viktig arena for formidling, informasjon, meiningar og debatt.

Administrativ leiarsamling var gjennomført 7.- 8. mars 2018 og danna grunnlaget og utgangspunkt for diskusjonar i 3 opne utvekslingsverkstader som vart halne i Tysneshallen i april og mai 2018.

Det var lagt opp til innspel på to tema pr. møte:

- Møte 1: Tema omsorg/ helse og fritid
- Møte 2: Tema oppvekst og infrastruktur
- Møte 3: Tema bustad og næring

Om lag 150 personar vart samla i dei 3 verkstadane. Alle innspel er samla i eit dokument som vil leggjast ved og følgje planarbeidet når planen ligg til ettersyn og seinare vedtak og som idebank når samfunnsdelen igjen skal rullerast.

### **2. Mål - utviklingstrekk - strategiar**

I det følgjande kapitlet vert det lagt fram overordna mål for utvikling av Tysnessamfunnet og korleis Tysnes kommune innarbeider det i sine målsetnader.

I arbeidet er det peika på 6 ulike temaområder som vert nærare skildra i planen, desse delområda er forankra i overordna mål.

Langs dei ulike temaområda vert det kort vist til tre ulike fasar i rapporten:

1. Hovudmål
2. Status og forventa utvikling i høve dei skisserte temaområda
3. Strategiar i høve dei skisserte temaområda

Strategiane er relativt grovmaske undermål og må utforskast vidare gjennom handlingsdelen der me skal vurdera konkrete tiltak i ljøs av dei ulike strategiane.

#### **2.1 Overordna mål**

### **Tysnes skal vera eit attraktivt samfunn å bu i !**

Tysnes kommune skal stimulera til tilflytting og vekst i folketalet ved å:

- tilretteleggja for gode bumiljø for både fastbuande og deltidbuande
- medverka til utvikling av næring og arbeidsplassar
- sikra innbyggjarane trygge og gode oppvekstvilkår
- sikra innbyggjarane gode helsetilbod og verdige rammer for offentlig og privat omsorg
- sikra innbyggjarane tilgang til meningsfull fritid
- sikra innbyggjarane gode kommunikasjonar og god infrastruktur

## *2.2 Delområde helse/pleie og omsorg*

Tysnes kommune skal sikra innbyggjarane gode helsetilbod og verdige rammer for offentlig og privat omsorg!

### *2.2.1 Utviklingstrekk*

Både helse, pleie og omsorg er prega av eit stadig knappare ressursituasjon på eine sida og stadig aukande forventningar og behov på den andre.

Innanfor helse ser me at legevitenskap opnar for stadig nye behandlingsformer som det er forventningar om at det offentlege skal dekke. Me ser vidare at spesialisthelsetenesta i stadig større grad vert ein «behandlingsfabrikk» med mindre tid til rehabilitering og oppfølging etter gjennomført behandling. Dette endrar tilhøva mellom nivåa og inneber at kommunane må ta ein større del av desse oppgåvene som tidlegare vart ivareteke i spesialisthelsetenesta. Tilbod om kommunale akutt plassar og oppfølging av stadig sjukare utskrivningsklare pasientar stiller nye krav både til kapasitet og kompetanse både innan pleie og omsorg og innan helse.

Nye krav til kompetanse og arbeidsform innan akuttmedisin utfordrar mindre legevaktsskontor, ei utvikling som igjen blir forsterka av betre avtaler for legane der retten til vaktfritak er vesentleg utvida for denne gruppa. Psykiatri ser same utviklingstrekk der kommunane skal ta hand om stadig sjukare brukarar, frå 2020 vert det lovpålagt krav om kommunepsykolog for å styrkja kommunane innan dette feltet. I høve til habilitering og rehabilitering vert også krava styrkt til kommunane, frå 2020 vil det også vera krav om ergoterapeut i alle kommunar.

Digitalisering er ein tendens som slår inn både i pleie og omsorg og innanfor helse. Nye digitale løysingar må medverka til å redusera manuelle operasjonar i tenestene, frigjort kapasitet må nyttast til å styrka tenestene for å ivareta demografiske utfordringar. Nye digitale løysingar har kanskje mindre effekt i høve til opplevd tryggleik og ennå mindre i høve til einsemd.

Demografiske utviklingar peiker mot ein aldrande befolkning med større hjelpebehov, demografien tilseier at Tysnes vil ha noko mindre vekst i denne gruppa enn resten av landet, det er i hovudsak knytt til at kommunen allereie har ein demografi med relativ over-representasjon av eldre innbyggjarar.

Det er ei utfordring av hjelpebehovet synes å bli stadig større i yngre delar av befolkninga, dette gjeld ikkje minst også mellom barn og unge der psykiatriske behov er sterkt aukande.

Yngre personar med funksjonshemming krev ressursar og tenester, nokre av desse vert definert som ekstra ressurskrevjande.

Pårørande er ein viktig ressurs i høve omsorgstenestene, og det må setjast av ressursar i form av omsorgsstønad, støttekontakt, avlastning etc.



### **2.2.2 Status i Tysnes kommune**

Tysnes kommune i dag tilslutta Helse Fonna.

Underståande gjev eit kort og overflatisk bilete av grunnleggjande ressursituasjon.

#### **2.2.2.1 Legekantor og legevakt:**

Tysnes kommune har i dag legekantor med tre fastløna legar: I tillegg er det fast inntak av turnuslege for å ivareta vakt. Kommunen sel i dag vakttenester til Kvinnherad.

Kommunen sitt forkantor og labratorieteneste er noko mindre enn det som følgjer av legeföreininga sine tilrådingar.

#### **2.2.2.2 Psykiatri**

Tysnes kommune har i dag 1,5 stillingsar direkte i psykiatri, avdelinga drifftar mellom anna dagsentertilbod for psykiatri, forutan dette har me 1 stilling knytt til psykisk helsearbeid for barn og unge. Det er p.t. 1,5 stilling knytt til rus og psykiatri, der 0,5 stilling er prosjektbasert. Ein ikkje uvesentleg del av psykisk helse vert også ivareteke i den alminnelege tenesta for open omsorg.

#### **2.2.2.3 Ergoterapi:**

Tysnes kommune har 0,8 stilling som ergoterapeut, forutan dette er det ein driftsavtale med Tysnes Industri AS der utkøyring, oppsett og lagring av hjelpemidlar vert ivareteke.

#### **2.2.2.4 Fysioterapi**

Tysnes kommune har 1,5 stillingar knytt til fastløna kommunale fysioterapeutar. I tillegg til dette er det om lag 2 årsverk som vert ivareteke gjennom driftsavtaler med private.

#### **2.2.2.5 Institusjon**

Det er i dag 30 institusjonsplassar samla i kommunen, av desse er ein reservert til det kommunale akuttdøgnplassar og ein plass er knytt til korttidsopphald og mottak av utskrivingsklare pasientar.

#### **2.2.2.6 Open omsorg**

Open omsorg består av heimesjukepleie og heimehjelp tenesta. I tillegg til dette ligg bufellesskapa for utviklingshemma til denne tenesta. Det er i dag to bufellesskap i kommunen, samt eitt dagsenter. I samband med etablering av nytt omsorgssenter vart det etablert 10 plassar i det som vart kalla omsorg pluss, dette er ei styrkt heimeteneste der det er lagt opp til bustader med døgnkontinuerleg bemanning. Det er etablert dagsentertilbod for heimebuande i tilknytning til omsorgssenteret.

### **2.2.3 Strategiar helse/pleie og omsorg**

1. Tysnes kommune skal sikra innbyggjarane helsetenester av god kvalitet med høgt tilgjenge.
  - a. Tysnes kommune skal oppretthalda eigen legevakt
  - b. Tysnes kommune skal utvikla tenestene i samråd med innbyggjarane
  - c. Tysnes kommune skal sikra samhandling i drift
2. Tysnes kommune skal sikra innbyggjarane pleie- og omsorgstenester der innbyggjarane sitt behov for tryggleik, fellesskap og meningsfulle liv står i sentrum

- a. Tysnes kommune skal nytta ny teknologi til å frigje og omdisponera ressursar i tenestene for å styrkja kvalitet.
  - b. Tysnes kommune skal i større grad stimulera til nye former for offentleg/privat samarbeid med sikte på å sikra meningsfulle liv.
  - c. Tysnes kommune skal gjennom tidleg innsats og samarbeid med innbyggjarane leggja til rette for å redusera tenestebehovet så langt som mogleg.
  - d. Tysnes kommune skal ha ei rett dimensjonert institusjonstilbod og utarbeida prognosar og planar som sikrar føreseielegheit.
  - e. Tysnes kommune skal sikra gode butilhøve for innbyggjarar med særskilte behov, det skal utforskast nye former for offentleg/privat samarbeid.
3. Tysnes kommune skal driva eit aktivt førebyggjande helsearbeid med sikte på å stimulera til friskare innbyggjarar
    - a. Tysnes kommune skal leggja folkehelse til grunn som ein grunnleggjande vurderingsfaktor i alle kommunale vedtak, innan plan og arealspørsmål skal folkehelse vera ein eksplisitt vurderingsfaktor.
    - b. Tysnes kommune skal stimulera til fysisk og sosial aktivitet og motarbeida utanforskap hjå barn og unge gjennom tett samarbeid med friviljuge lag og organisasjonar og gjennom eigne tenestetilbod.

### **2.3 Delområde oppvekst**

Tysnes kommune skal sikra innbyggjarane trygge og gode oppvekstvilkår der hovudarbeidet er knytt til å arbeida med den einskilde si livsmeistringsevne!

#### **2.3.1 Utviklingstrekk**

Delområde oppvekst er eit vidt område som spenner om kommunale tenester som helsestasjon, barnevern, skular, barnehagar og kulturskule, forutan viktige tilbod knytt til friviljug sektor.

Når det gjeld helsestasjon, under dette både barselsomsorg og skulehelseteneste så er det gjennom seinare år kome initiativ frå statlege mynde om å styrkja denne tenesta, dette er dels skjedd gjennom rammetilskot og dels gjennom prosjekt- og utviklingsmidlar. Det sentrale i utviklinga er at det vert peika på auka samarbeid og tverrfaglegheit i tenesta, i tillegg er det også ei forventning om utvikling av nye digitale løysingar som gjer tenesta meir aktuell og brukarnær. Innanfor skulehelsetenesta er psykisk helsearbeid blitt stadig meir omfattande.

Barnevern har vore eit fokusområde over mange år, det har vorte fokusert mykje på å ha tilstrekkeleg store fagmiljø og tilstrekkeleg profesjonell distanse opp mot samfunnet me tener. Behovet for å balansera dette ut mot nærleik har vore underkommunisert. I ny barnevernlov vert det lagt større vekt på barnas medverknad og familie og nettverk som ein ressurs enn tidlegare. Det biologiske prinsippet synes igjen å få større vekt.

Skulen er og har vore eit område prega av reformar og offentlege ordskifte gjennom tiår. Sentrale element av nyare tid er fokus på kompetanse hjå undervisningspersonell,

nasjonale måleindikatorar, lærartettleik på lågare trinn, vurdering av PPT tenesta og no evaluering av 6 års reforma. Eit gjennomgåande trekk i drøftingane er at for mange unge fell ut av skulesystemet slik det er i dag.

Etter at rett til barnehageplass vart lovfesta er meir merksemd retta mot barnehagen sitt pedagogiske tilbod. Barnehagen vert meir ein førebuingarena for skulen med fokus på å løfta fram grunnleggjande ferdigheiter hjå borna. Ny pedagognorm og norm for bemanning er sentrale punkt.

Eit anna område som må med om det skal gjera ein heilskap i høve til oppvekst er vidaregåande opplæring og NAV. Det er i den vidaregåande opplæringa at fråfallet melder seg og det er kanskje i NAV sitt arbeid at me i siste instans finn svar på om me har gjort ein god nok jobb med det einskilde barn. NAV har ei viktig rolle i høve arbeidslivet og er ein viktig instans for å sikra at me utdannar og lærer borna ferdigheiter som trengs i framtidens arbeidsliv. NAV stat er for tida inne i store reformprosessar som vil kunne verka inn på det samla lokale tenestetilbodet.

I siste omgang er trygge og gode oppvekstvilkår noko som ikkje kan avgrensast til offentlege tenester, men primært eit ansvar for heile samfunnet!

Digitalisering og bruk av ny teknologi er eit gjennomgåande tema for alle områda, innan dette område er utvikling og bruk av ny teknologi eit mål i seg sjølv.

### ***2.3.2 Status i Tysnes kommune***

Underståande gjev eit kort og overflatisk bilete av grunnleggjande ressursituasjon.

#### ***2.3.2.1 Helsestasjon og skulehelsetenesta***

Tysnes kommune har 1,5 stillingar som helsesøster, i tillegg til dette kjem 0,5 stilling som jordmor og 0,2 stilling som helsestasjonslege. Forutan dette er skulehelsetenesta supplert med 1 stilling som psykisk helsearbeidar for barn og unge.

Tenesta har forutan barselsteneste og småbarnskontroll ansvar for oppfølging av barn i skulen, det er etablert lavterskeltilbod som Treffstaden og Helsestasjon for ungdom.

#### ***2.3.2.2 Barnevern***

Tysnes kommune har i dag 4 stillingar knytt til sakshandsaming innan barnevernet, ein av desse er også leiar for ei samla teneste for barn og familie. Det er 1 stilling knytt til tiltaksarbeid.

#### ***2.3.2.3 Barnehage***

Tysnes kommune har p.t. berre kommunale barnehagar. Det er gjort vedtak om ein desentralisert struktur, det er 4 barnehagar, lokalisert i Våge, Uggdal, Onarheim og Lunde. Kapasiteten på barnehagen i Våge er så vidt låg at Uggdal, Reksteren og Våge i realiteten utgjer eit opptaksområde. Lunde barnehage er tenkt å gje ein fleksibilitet i opptaket som inneber at det kan gjennomførast løpande opptak gjennom året. Det er eit relativt stort investeringsbehov som over tid må løysast.

#### 2.3.2.4 Skule

Tysnes kommune har vedteke ein eigen kommunedelplan for skular. I samsvar med planen har me tre skular: Onarheim 1 - 6.kl., Uggdal 1 –4 og Tysnes 5-10. Uggdal og Tysnes skule har felles inntak for Reksteren, Uggdal, Tysnes og Lunde alle år. Tysnes skule har felles inntak for heile øya frå 7. klasse. Det er relativt stort investeringsbehov.

#### 2.3.2.5 NAV

Tysnes kommune har NAV kontor lokalisert på Rådhuset i Uggdal, det er samorganisert med felles leing mellom statleg og kommunal del. Det er 2,8 kommunale årsverk i tenesta. NAV - leiar er kommunalt tilsett.

#### 2.3.3 Strategiar oppvekst

1. Tysnes kommune skal ha ein skule- og barnehagestruktur som balanserer gode fagmiljø, korte reisetider og økonomisk bærekraft.
  - a. Tysnes kommune skal rullera kommunedelplan for skulebruk og struktur for barnehagane.
  - b. Det er gjennom arealplan at områda rundt skular og barnehagar legg opp til vidare vekst og utvikling.
2. Tysnes kommune skal prioritera og utvikla bom sine opplevde evner til å meistre. Det skal leggjast vekt på å sjå heilskap for barn og unge frå 0 til 23 år. Det skal vera nært samarbeid med borna, føresette og friviljug sektor.
  - a. Tysnes kommune skal alltid prioritera tidleg innsats.
  - b. Tysnes kommune skal leggja større vekt på foreldrerettleing som førebyggjande og utviklande tiltak for å sikra barn og unge gode oppvekstvilkår.
  - c. Tysnes kommune skal leggja større vekt på systemarbeid i skular og barnehagar for å kunne gje best mogleg individuell tilpassing utan spesialvedtak.
  - d. Tysnes kommune skal gje tilbod om leksehjelp på ungdomstrinnet og vurderer korleis lekser slår ut mot barnas meistrinsevne.
  - e. Tysnes kommune skal oppretthalda eksisterande og vurderer moglegheit for nye former for praktisk undervisning.
  - f. Tysnes kommune skal syta for eit tverrfagleg samarbeid der det vert faste og systematiske arenaer for tverrfagleg arbeid.
3. Tysnes kommune skal sikra barn og unge ei aktiv og meningsfull fritid som underbygger livsmeistringsoppdraget.
  - a. Tysnes kommune skal aktivt arbeida for eit breiast mogleg tilbod innan kulturskulen. Kulturskulen skal i større grad leggja til rette for å gje eit tilbod i forlenging av skuledagen og jobbe for ei utvikling i retning av ein heildagsskule.
  - b. Tysnes kommune skal gjennom samarbeid med friviljuge lag og organisasjonar arbeida for eit tilbod om aktiv fritid til alle barn.
  - c. Tysnes kommune skal arbeida for å utvikla biblioteket til ein dynamisk og spanande møteplass også for barn og unge.

- d. Tysnes kommune skal utvikla SFO tilbodet for å understøtta strategien om ei aktiv og meiningsfull fritid.

## **2.4 Delområde Bustad**

Tysnes kommune skal stimulera til tilflytting og vekst i folketalet ved å leggja til rette for gode bumiljø for både fastbuande og deltidsbuande.

### **2.4.1 Utviklingstrekk**

Kommunen sin rolle i etablering og opparbeiding av reine kommunale bustadfelt er i endring. Kommunen vil framleis jobbe for at det leggjast til rette for bustadareal og infrastruktur, men ønsker ikkje å øydelegga marknaden for profesjonelle aktørar.

Kommunen vil framleis ha ein aktiv rolle i planlegginga og inngå utbyggingsavtalar for byggjeprojekt og utvikling av naudsynt infrastruktur etter eit sjølvkostprinsipp. Ein endring til meir offentleg privat samarbeid vil gje spanande moglegheiter for alle partar.

Tysnes legg opp til ein moderat årleg auke i folketal, og ser signal frå samfunnet at det vert aktuelt å leggja til rette for fleire bustadstyper enn det me er vane med i kommunen i dag.

I område med stort byggjepress vil meir arealeffektive løysingar for bustadbygging og bruk av fellesløysingar prege framtida.

Fritidsbustadane vert meir og meir lik ordinere bustader, Tysnes er ein attraktiv plass for rekreasjon og fritid, kort avstand til byer i sør og nord gjer at fritidsbustadane nyttast meir eller mindre heile året. Det er varierende standard på «hytteparken» frå enkle koier utan vatn eller straum til fullverdige bustader med alt tenkeleg teknisk utstyr tilgjengeleg.

Ein trend ved nybygg over heile landet er meir fokus på fellesløysingar for veg, parkering og bryggjeanlegg og friområde, dette er både arealeffektivt og kostnadssparande. Det er ikkje lenger berre hytta som ligg for seg sjølv høgast oppe på fjellet eller lengst inn i skogen som er ettertrakta.

### **2.4.2 Status i Tysnes kommune**

#### **2.4.2.1 Bustadfelt**

Bustadutviklinga har i gjeldande plan vore gjennom fortetting og utviding av byggjeområde knytt opp mot dei største bygdene, med mest aktivitet rundt Onarheim og Våge, men og gjennom spreidd bustadbygging i LNF-B områder. Talet på ledige tomter i kommunale bustadfelt er redusert, men det er nokre tomter igjen i Vågsmarka og på Kattaland. Det bygd ut eit større privat bustadfelt på Onarheim, det er bygd ut eit mindre felt i tilknytning til Jensvoll på Uggdal. Det er eit større utbyggingsområde på gang i Våge og eit større område er planklart i Uggdal.

Det er lagt opp til noko spreidd bustadbygging i LNF områder.

Det er ingen planlagde bustadfelt på Reksteren, men det kan endra seg når trase for E-39 vert fastsett.

### **2.4.2.2 Fritidsbustader**

Tysnes har 1039 registrerte fritidsbustader, dei er i regulerte hytteområder, spreidd i LNF- område, frå strandsone til høgfjellet, eller det er våningshus på gardsbruk som vert nytta som fritidsbustad. I tillegg er ein del bygg registrert som bustadeigedom nytta til fritidsbustad, men dei er ikkje medrekna i registreringa.

Det har i gjeldande planperiode vore gjennomført frådeling av fleire gardstun der bygg vert nytta vidare til fritid eller bustadføre mål.

Det ligg nokre større felt for fritidsbustader i plan, nokre av desse er under gjennomføring slik som mellom anna felt på Årbakka og Gjelland. Det er lagt opp til ein framtidig utbygging av fritidsbustader i kombinasjon med næring på Godøysund.

### **2.4.2.3 Bustadpolitikk**

Tysnes kommune har ein bustadsosial handlingsplan frå 2013. Planen tar opp ein del problemstillingar, men har truleg mindre breidde enn me ønskjer. Det er behov for ein meir strategisk retta bustadpolitisk plattform mellom anna for å sikra grunn til offentlege føremål.

### **2.4.2.4 Planar**

Kommuneplanen sin arealdel er frå 2013, planen vert no teke opp til rullering.

Det er etablert ny sentrumsplan for Våge, planen utløyser eit mindre tal einebustadtomter, det vert i planen lagt vekt på kombinasjonsbygg og fortetta bustader med næringsdel.

Det samla behovet for nye bustader er delvis oppfylt, men det er i dag mange eldre planar som må vurderast opp mot realisme for gjennomføring.

I komande planperiode må ein framleis kunne leggja til rette for tradisjonell einebustad, men og opne opp for områder med meir konsentrert utbygging som rekkjehus og bustadblokker.

### **2.4.3 Strategiar**

1. Tysnes kommune skal ha ein arealpolitikk som gjev moglegheit for innbyggjarane å busetja der dei har sitt tilhøyre og der dei vil bu.
  - a) Det skal gjennomførast vidare fortetting og utbygging i etablerte bygdesentra.
  - b) Det skal leggjast til rette for vidare utbygging i større områder avsett til spreidd bustadbygging.
  - c) Det skal tillatast mindre einingar med liten trong for vedlikehald, med gode fellesløysingar for parkering og anna.
  - d) Utbygde områder i tilknytning til sjø skal kunne sikrast ei tettare og meir omfattande bruk for å sikra skjerming og vern av områder der det ikkje vert føresett utbygging.
  - e) Fritidsbustader skal byggje på gode kvalitetar som nærleik til fjell og sjø, men skal ikkje prioriterast framfor regulær bustadutvikling.
2. Tysnes kommune skal ha ein arealpolitikk som legg til rette for tilgang til sjø,

tur og fritidsområde for meningsfull fritid.

- a) Det skal arbeidast for at større utbyggingsområde vert lagt i gangavstand til viktige offentlege tenester og til etablerte handelssentra.
  - b) Spreidd bustadbygging, omdisponering og deling skal gjennomførast for å sikra godt vedlikehald av kulturlandskap og for å sikra klimatilpassingar i samsvar med klima og energiplan.
3. Tysnes kommune skal leggja opp ein arealstrategi der gamle planar som ikkje er realistiske vert oppheva.
- a) Det skal i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel gjerast ei kritisk vurdering av gamle planar som ikkje er realisert for å få eit meir realistisk utbyggingsscenario.
4. Tysnes kommune skal leggja til rette for ny utvikling langs E-39 sine tilknytingspunkt i kommunen.
- a) Når trase for framføring av E-39 er avklara skal det gjerast ei strategisk vurdering av planbehov.
  - b) Det skal leggjast til rette for at arbeidsreiser til og frå kommunen kan gjerast på best mogleg måte.
5. Tysnes kommune skal etablera ein tydeleg bustadpolitisk plan som sikrar tilflytting og behovsdekning for framtidig vekst.
- a) Planen skal skape føreseielege rammer for aktørar og klargjera kommunen sin rolle som forvaltar eller utviklar.
  - b) Planen skal vurderer tiltak opp mot utsette grupper i bustadmarknaden som ikkje er å rekna som varig vanskelegstilte og menneske med særskilte behov.
  - c) Planen skal ta opp og gje retning til bustadbygging for varig vanskelegstilte grupper.

## **2.5 Delområde Næring**

Tysnes kommune skal stimulera til tilflytting og vekst i folketalet ved å medverka til utvikling av næring og arbeidsplassar.

### **2.5.1 Utviklingstrekk**

Tysnes er eit attraktivt alternativ for etablering av næringsverksemd grunna sin geografiske plassering og planlagt bygging av infrastruktur. Reisetider til og frå vert monaleg redusert og over tid vil også kostnader verta redusert.

Sjønære næringsareal kan verta attraktive frametter, landbaserte næringsareal vil primært rettast mot lokal produksjon og står i konkurranse til næringsområda på Heiane og nytt næringsområde i Endelausmarkja på Os.

Marine næringar er venta ei stor vekst, dette gjeld i særskilt grad for akvakultur og oppdrett av nye artar slik som til dømes makroalger.

Tradisjonelt fiskeri, både kystfiske og havfiske ønsker heimahamn på Tysnes.

Turisme og reiseliv er framleis ein vekstnæring som vert vidareutvikla. Dels i tilknytning til slik næring ser me også ein tendens mot at nisjeproduksjon vert stadig viktigare.

Framtidsretta satsing på fiber og konkurransedyktige IT-løysingar gjer kommunen attraktiv for nye etableringar.

Ny teknologi vil utfordra eksisterande næringar i planperioden.

### *2.5.2 Status i Tysnes kommune*

#### *2.5.2.4 Næringssamansetning*

Tysnes kommune har fleire bein å stå på, me har ingen veldig store verksemder som er hjørnesteinar i næringslivet vårt. Dette er på ei side ein utfordring, men på den andre sida gjer det oss litt mindre sårbar for endringar i konjunkturar. Det er i dag 40 verksemder på Tysnes som har meir enn ti tilsette.

Marine næringar er viktig i kommunen og i dag har kommunen opp mot ein prosent av den samla produksjonen for tradisjonell oppdrett.

Landbruk er framleis ein viktig del av kommunen sin næringsverksemd.

Den relative høge delen med fritidsbustader er viktig for å understøtta lokalt næringsliv, særskilt innanfor handverks- og servicenæringar.

#### *2.S.2.1 Næringsareal*

Det er for tida lite ledig næringsareal og det areal avsett eller regulert til næring er enten i privateige og/eller ikkje opparbeida.

Nye store anleggsprosjekt inneber behov for plan for massedeponering slik at massane kan utnyttast til ny næring og vekst.

#### *2.S.2.3 Kommunalt næringsarbeid*

Kommunen har i dag ei delstilling som arbeider noko med næring, elles samarbeider me med eksterne aktørar for å kunna gje tilbod om rettleiing og oppfølging av gründarar og andre verksemder.

Kommunen deltek i felles satsing på reiseliv i lag med Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Det ligg føre ønskje om ein full gjennomgang av kommunen sitt arbeid med næring.

#### *2.S.2.4 Pendling*

Tysnes kommune har ei netto utpendling i dag og kortare reisetider til og frå viktige senterområder gjer at me truleg vil ha netto utpendling i heile planperioden.



Innpendling utgjorde i 2017 19,4 % av samla arbeidsstyrke, medan utpendlinga tilsvarte 32,1 %.

### 2.5.3 Strategiar

1. Tysnes kommune skal sikra areal til næring, areala skal vera tilrettelagd for ulike næring og ha gode kvalitetar i høve til føremålet.
  - a. Det skal utarbeidast ein arealpolitikk med differensierte næringsareal ut frå føremål og status.
  - b. Det skal sikrast areal til utvikling av minst eitt sjønært næringsområde med regionalt potensiale som vil kunne utnytte føremon med sjøtransport samt god tilknytning til E39.
  - c. Det skal sikrast areal til fiskerihamn.
  - d. Næringsverksemdar skal takast med i planlegging av nye næringsareal.
  - e. Marine næringar skal sikrast areal for vidare vekst, det skal leggjast til rette for landbaserte areal i tilknytning til marine næringar.
  - f. Tysnes kommune vil avklara næringsområder med stor samfunnseffekt på reguleringsplannivå. For område kommunen vel å regulere skal areala sikrast parallelt.
  - g. Det skal leggjast opp til spreidde næringsareal innanfor LNF føremålet. Det skal leggjast vesentleg vekt på tilpassing mot andre interesser i dei aktuelle områda.
2. Kjerneområda for landbruk må vurderast både kommersielt og kulturhistorisk. Bevaring av landskapstypar skal vege tyngre enn økonomisk lønsemd.
  - a. Det skal leggjast til grunn at matjord skal ivaretakast i alle utviklingsområde.
  - b. Fulldyrka mark skal normalt erstattast med alternative nydyrkingsområder basert på flytting av matjord.
  - c. Unge menneske som ynskjer å skapa sin eigen arbeidsplass må få sleppa til og prøve seg med nye produksjonar på såkalla ulønsame bruk. Dette bør stimulerast både med tanke på jordvern, folketal, landskapspleie og bygdemobilisering.
  - d. Det skal vera mogleg å vurdere ulike kombinasjonsføremål innanfor landbrukseigedom for å sikre at bruk får fleire bein å stå på.
  - e. Kommunen vil satsa på eit livskraftig og berekraftig landbruk ved å stimulera til produksjon og sal av lokal mat.
  - f. Frådeling av våningshus på nedlagte bruk til bustadføremål skal tillatast om tiltaket fører til ny tilflytting.
  - g. Kommunen skal medverka for å stimulera til nye tiltak i landbruket, under dette også opna for tilleggsnæringar i tilknytning til tradisjonelt landbruk.
3. Det skal leggjast til rette for effektive massedeponi og for nyttig bruk av masseoverskot.
4. For å leggja til rette for utvikling i tilknytning til ulike bygdesentra må det leggjast

5. Det må planleggjast for utnytting av overskotsmasser i samband med framføring av E39.
6. Tysnes kommune skal avklara sin samla næringspolitikk for å gje mest moglege føreseielege rammer for næringsliv, etablerarar og reiseliv.
7. Det skal leggjast fram ein samla plan for næringsutvikling og næringsstøtte.
8. Planen skal ta stilling til kommunen sin ressursbruk og utarbeidast i samhandling med næringslivet.

## **2.6 Delområde Fritid**

Tysnes kommune skal stimulera til tilflytting og vekst i folketalet ved å sikra innbyggjarane tilgang til meiningsfull fritid.

### **2.6.1 Utviklingstrekk**

Det å føla at ein har ei meiningsfull fritid er individuelt. Å delta i lag og organisasjonar kan opplevast som personleg nytteverdi, som ein sosial arena, og lag eller organisasjonane sine gjeremål kan vera samfunnsnyttig i større og mindre grad. Gode aktivitets og fritidstilbod for alle kan i seg sjølv førebyggja utanforskap og også førebyggja einsemd.

Miljø-, humanitert- og politisk arbeid, strandrydding, musikalsk underhaldning, matlevering, «tysnesven», «spiseven» mv. er alle gode døme på bruk av fritid i tillegg til dei tolmodige idretts- og aktivitetsleiarane som nyttar sin fritid for å gje alle andre ein nyttig fritid.

Fleire meldingar og offentlege utgreiingar peiker på at ein berekraftig offentlig sektor i tida frametter vil vera meir avhengig av eit godt samarbeid med friviljuge. Organisering og oppfølging av frivillige er viktig for å mobilisera denne gruppa.

Kommunane bidreg til ei meiningsfull fritid, dels gjennom sin tenesteproduksjon og dels gjennom støtte til lag og organisasjonar. I høve kommunen sin tenesteproduksjon er det særskilt bibliotek og kulturskule som er relevante, i høve til støtte til lag og organisasjonar så er det gjerne dels gjennom tilskot og dels gjennom stilling som kulturkonsulent eller tilsvarande som hjelper og samhandlar med ulike lag og organisasjonar. Friviljugsentralen spelar ei viktig rolle som bindeledd for å mobilisera frivillige og gjennom dette avlasta offentlig sektor.

Fritid handlar også om romslege og stadbundne kvalitetar som må forvaltast gjennom arealpolitikken og understøttast på måtar som tilgjengeleggjer desse kvalitetane.

### **2.6.2 Status i Tysnes kommune**

Det kunne truleg vore skrivi ei avhandling om fritidsaktivitetar på Tysnes, under referer me veldig overflatisk noko av det, men yt det lita rettferd.

#### **2.6.2.1 Kommunale tenester**

Dei siste åra har det vore satsa på kulturskulen. Det er utarbeida eigen plan for

kulturskulen og kommunen har vedteke rammeplan for kulturskule. Dei siste åra har talet på brukarar i kjernegruppa auka. Kulturskulen spelar også ein viktig rolle i samarbeid med det lokale musikklivet. Kulturskulen har lenge peika på behov for betre lokalar.

Biblioteket er under utvikling. Den nye bibliotekslova peiker på biblioteket som ein viktig møteplass, det er ønskje om ei utvikling der denne funksjonen vert utvikla vidare. I 2018 vert det gjennomført investeringar i meirope bibliotek, det er også gjeve fylkeskommunal støtte til utvikling av modellbibliotek.

#### ***2.6.2.2 Kulturkonsulent***

Tysnes kommune har ei stilling som vert nytta som kulturkonsulent, dette er mellom anna knytt til kulturvern, administrasjon og oppfølging av kommunale tilskotsmidlar, rettleiing og oppfølging av tippemidlar, friluftsliv, planarbeid, folkehelse med meir.

#### ***2.6.2.3 Kultur og idrettsarrangement***

Tysnesfest er utan tvil det største kulturarrangementet på Tysnes og har over tid utvikla seg til ein av dei største festivalane i landet. Tysnesfest er ein identitetsskapar og har store positive ringverknader knytt til seg.

Det vert også gjennomført ulike kulturarrangement av andre både kommersielle og friviljuge organisasjonar. Me kan mellom anna nemna konsertar og tilstellingar i kulturkyrkja, på Mandelhuset og i Tysneshallen. Det vert også arrangert viktige idrettsarrangement med brei deltaking.

Arena for biletkunst har me også både på Årbakka og i Våge.

I Uggdal er det tilbod om kino, kinoen er nyleg oppgradert med digitale lyd- og biletsystem.

#### ***2.6.2.4 Frivillige lag og organisasjonar***

Tysnes har ei rekkje frivillige lag og organisasjonar innan dei fleste fritidsområde, dette gjeld idrett, kultur, kulturminnevern, hjelpekorps og veldig mykje meir. Tysnes kommune har avtaler med ein del lag og organisasjonar, men har ikkje noko klar og tydeleg strategisk plattform i sitt arbeid med frivillige.

Frivilligsentralen er ein aktiv og god aktør for å mobilisera til friviljug arbeid også utanfor ramma av dei organiserte laga.

#### ***2.6.2.5 Natur og stadbundne kvalitetar***

Tysnes kommune har gode natur kvalitetar knytt til både sjø, fjell og flotte kulturlandskap. Desse områda må forvaltast slik at dei også er tilgjengelege for framtidige generasjonar. Dei seinare år har det vore arbeidd mykje med å opne og gjera desse kvalitetane tilgjengelege, me kan mellom anna nemna prosjekt knytt til merking av turløyper og utvikling av offentlege badeplassar og friområder.

#### ***2.6.2.6 Anlegg***

Fysiske anlegg er viktige føresetnader for ei aktiv og meningsfull fritid. Tysnes kommune har i dag Tysneshallen med ei brukstid opptil ti timar per dag, her er det gjennomført ei

rekke idrettsaktivitetar og kulturaktivitetar. Andre anlegg som er svært viktige er Njardar

sitt fotballanlegg på Reiso, Onarheim Idrettslag sitt skiløypeanlegg, symjebassenget på Gjerstad. for å nemna noko.

### *2.6.2.7 Kommersielle aktørar*

Kommersielle aktørar spelar også ei viktig og positiv rolle i å leggja til rette for meiningsfull og god fritid. Me kan i særskilt grad nemna treningssentra som er viktige aktørar for å fremja folkehelse, men også Mandelhuset som er eit bankande kulturelt hjarta i Våge, Haaheim Gaard er ein anna kommersiell aktør som utan tvil bidreg til aktiv og meiningsfull fritid.

### *2.6.2.8 Uorganisert fritid*

Uorganisert fritid er også ein viktig ingrediens som ikkje skal undervurderast i eit perspektiv der folkehelse og meiningsfullt liv er sentralt.

## *2.6.3 Strategiar*

1. Tysnes kommune skal ut frå at fritid er viktig for det gode liv medverka til at alle har eit godt fritidstilbod.
  - a. Det skal særleg leggast vekt på tilbod til barn og unge.
  - b. Det skal arbeidast for enno større breidde i tilbodet også for dei som i dag fell utanfor tradisjonelle aktivitetar knytt til idrett, musikk og dans.
  - c. Fritidstilbod skal fremja god folkehelse og motverka einsemd og utanforskap i alle delar av befolkninga.
  - d. Deltaking skal ikkje hindrast av bakgrunn, økonomi, helse eller sosial status.
  - e. Det skal vera tilbod både for elite og breidde.
2. Tysnes kommune skal etablera ein tydeleg og føreseieleg politikk opp mot frivillige lag og organisasjonar
  - a. Politikken skal utarbeidast med basis i «beste praksis» frå andre kommunar.
  - b. Det skal gjerast gode forventningsavklaringar mellom kommune og laga.
3. Tysnes kommune skal vera ein aktiv pådrivar for å styrke og utvikle nye konsept for friviljug arbeid som støttar opp kring det sivile samfunnet.
  - a. Utvikla og styrka friviljugsentralen si rolle.
  - b. Sjå på nye konsept for å løyse utfordringar der det offentlege tenestetilbodet kjem til kort.
  - c. Det skal i særskilt grad satsast på arbeid med barn og unge og eldre.
4. Tysnes kommune skal ha ein arealpolitikk som forvaltar natur, landskap og kulturminne på ein måte som stimuler til aktivitet og bruk.
  - a. Alle skal ha tilgang til sjø og fjell.
  - b. Det skal utviklast nærmiljøanlegg med god infrastruktur i tilknytning til alle bygder.
  - c. Utbyggingsområde skal sikrast gode friområde. Universell utforming skal leggast til grunn i all planlegging så langt det er mogleg.

- d. Omsynet til folkehelse og aktiv fritid skal vera sentralt i all planlegging og alle spørsmål om arealforvaltning.
- e. Det skal gjerast kartleggingar og vera oppdaterte planar for kulturminnevern, idrett og kultur og fri- og landskapsområder.

## *2.7 Delområde infrastruktur*

Tysnes kommune skal stimulera til tilflytting og vekst i folketalet ved å sikra innbyggjarane gode kommunikasjonar og god infrastruktur.

### *2.7.1 Utviklingstrekk*

Tysnes vil i kommande planperiode kunne oppleva at Hordfast vert realisert som eit av dei mest spektakulære samferdsleprosjekta på vestlandet noko sinne. Hordfast vil over tid føra til store endringar på Tysnes både på godt og vondt.

Fylkesvegnettet er i forfall og lite tyder på at det er kapasitet å gjera noko med det på kort sikt. Fylkeskommunen sin regionale transportplan prioriterer det overordna vegnettet, i investeringsprogrammet som følgjer planen ser me at det knapt vert gjennomført noko store prosjekt utan vesentlege innslag av bompengefinansiering.

Ferjene er ein del av vårt vegnett. Nye miljøvenlege ferjeanbod på fylkessambanda kastar lange skuggar over kommunar som er avhengige av ferjer, ein stor del av rekninga vert tildelt dei reisande og i tillegg kan det føra til redusert frekvens.

Trafikktryggleik og gode løysingar for mjuke trafikantar er eit viktig satsingsområde frametter, det er ønskjeleg ut frå målsetnader i klima- og energipolitikken og i størst mogleg grad leggja til rette for denne type trafikk.

Kollektivtilbodet, eller mangel på dette, er ei jamt tilbakevendande tema. Det ligg i fylkeskommunen sitt samfunnsmandat å leggja til rette eit tilbod for dei som ikkje har tilgong eller kan nytta eigen bil, men me opplever ikkje at dette samfunnsmandatet vert fylgt opp.

Kollektivtrafikk over sjø er også viktig og vonleg vil ny teknologi gjera transport i form av hurtigbåtar verta meir rimelegare og meir miljøvenleg.

Infrastruktur som breiband og mobil blir stadig viktigare etterkvar som digitale løysingar erstattar tidlegare manuelle prosessar. Me ser at dette er heilt kritisk infrastruktur også i samanheng med beredskap.

Tilgang til vatn og avlaup er føresetnader for nye utbyggingar. Krav til vassverka, leveringsgaranti, sikkerheit og beredskap vert stadig skjerpa, og kommunen må førebu seg på å gå inn i dette arbeidet der dei private ikkje har kapasitet eller økonomisk gjennomføringsevne.

### *2.7.2 Status i Tysnes kommune*

#### *2.7.2.1 E39*

Store delar av Reksteren og andre områder som vert råka når trase for E-39 vert bestemt, står stadig på vent og vert ikkje mogleg å utvikla i rett retning før me har på plass

avklaringar på trase og kryssing av langenuen.

#### **2.7.2.1 Fylkesveg**

Fylkesvegnettet er p.t. ikkje eit fortrinn for korkje næringsliv eller innbyggjarar. Det ligg knapt investeringar på Tysnes inne i fylkeskommunen sitt investeringsprogram. Tysnes kommune har i dag ikkje gått inn på avtaler knytt til bomfinansiering for å rusta opp fylkesvegnettet.

#### **2.7.2.2 Ferjer**

Det er lagt til grunn at Tysnes vil vera avhengig av ferjesambanda også i denne planperioden, det er i dag stor uvisse knytt til korleis eit nytt ferjetilbod vært. Særskilt uvisse er knytt til pris, men også i noko mon frekvens.

Det er sett i gang eit arbeid for å vurdere brusamband for Huglo gjennom ordninga med ferjeavløysingsmidlar.

#### **2.7.2.2 Kommunale vegar**

Til liks med fylkesvegnettet er det også forsømt vedlikehald på det kommunale vegnettet. Det er ikkje gjort berekningar av omfang på dei 60 kilometrane me har med kommunal veg. Det vil truleg pressa seg fram behov for å gjennomføra vesentlege investeringar i opprusting og standardheving.

#### **2.7.2.3 Kollektiv**

Kollektivtilbodet er i hovudsak forma etter skuleskyssen. Det er ei utfordring at ruter med lite trafikk vert teke vekk utan at det vert lagt opp til alternative løysingar for å sikra innbyggerane sin mobilitet.

Sjøvegs så har Tysnes hurtigbåtsamband til Bergen og Rosendal via stopp på Malkenes. Det er vidare hurtigbåt til Os og Reksteren. Det er i dag ikkje noko slikt samband mot Sunnhordland.

Samordning av kollektivtransport frå sjø til land synes å bli eit stadig større problem.

#### **2.7.2.4 Digital infrastruktur**

Tysnes kommune har eit godt utbygd fibernett med nær 100 % dekning.

Det mobile nettet er ikkje godt nok bygd ut. Det er særleg utfordrande i eit beredskapsperspektiv.

#### **2.7.2.5 Vatn og avlaup**

Framtidige utbyggingar vil vera avhengig av god infrastruktur knytt til vatn og avlaup. I dag er avlaup organisert inn som del av kommunen si tekniske drift medan vassforsyninga vert sikra av fire private vasslag. To av desse vasslaga har gjort prinsippvedtak om at dei ønskjer utgreidd moglegheit for kommunal overtaking.

### **2.7.3 Strategiar**

1. Tysnes kommune skal utarbeida ein strategi for best mogleg leggja til rette for bustader og næring langs ny E39 trase.
  - a. Det skal sikrast tilstrekkelege områder til bustad og næring i samband med kommuneplanen.
  - b. Nye utviklingsområder skal ha god påkopling til E39.
  - c. Det skal leggjast til rette for overgang til kollektiv transport langs knutepunkta på E39 og det må sikrast areal til utfartsparkeringar.
  - d. Det skal gjerast nærare vurdering knytt til behov for ein eigen kommunedelplan.
2. Tysnes kommune skal arbeida for betre kollektivtilbod for å understøtta behov hjå innbyggjarane og sikra større bu- og arbeidsmarknad.
  - a. Sikra betre hurtigbåtsamband i Tysnes kommune.
  - b. Kommunen skal vera aktive med omsyn til å prøva ut alternative former for kollektivtransport for innbyggjarar med dårleg mobilitet.
  - c. Gjennomgåande kollektivtransport til Bergen og Leirvik skal prioriterast.
3. Tysnes kommune skal sette saman ein vegpakke med prioriterte vegstrekk for saman med andre aktørar arbeida for å rusta opp viktige deler av vegnettet.
  - a. Det må utforskast moglegheiter til å delfinansiera utbygging av fylkesvegnettet.
  - b. Ferjeavløysingsmidlar skal nyttast i så stor mon som mogleg, kommunen skal ha ei aktiv rolle for å utforska ordninga.
  - c. Vedlikehald og opprusting av det kommunale vegnettet må betrast dels gjennom prioriteringar innan eksisterande økonomiske rammer og dels gjennom å redusera talet på kommunale vegar.
  - d. Det skal arbeidast for parallelle og samordna investeringar som også gjev grunnlag for opprusting og ny utbygging av gang og sykkelvegar
  - e. Kommunen skal gjennom rekkjefølgjekrav og utbyggingsavtaler sikra gode og trafikksikre løysingar i nye utbyggingsområde.
  - f. Kommunen skal sikra areal til utviding av kommunale vegar der dette er teke inn i private eller kommunale reguleringsplanar.
4. Tysnes kommune skal sikra kritisk infrastruktur
  - a. Beredskap skal vera eit grunnleggjande perspektiv i alle vurderingar knytt til infrastruktur.
  - b. Kommunen skal i partnerskap med andre aktørar arbeida for å sikra eit tilfredsstillande mobilnett.
5. Tysnes kommune skal sikra ei god dekning av vatn og avlaup til utbyggingsområde
  - a. Hovudplan for vatn og avlaup skal ferdigstillast
  - b. Det skal leggjast til rette for utbyggingsområde og fortetting som gjev høgare bruk av allereie etablert infrastruktur.
  - c. I område med framføring av ny infrastruktur skal det leggjast vekt på fortetting for å sikra best mogleg utnytting.